

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, MDG, Sp og Krf fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet merker seg at det har vore korte svarfristar og at innbyggjarane har hatt kort tid til å komme med innspel til omlegging. I framtidige trafikkomleggingar må Skyss i større grad involvere nærmiljøa, nærmiljøorganisasjonar og andre i arbeidet med trafikkplanen, og utvalet ber om eit notat om prinsipp for korleis involvering skjer ved større trafikkomleggingar.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet sluttar seg til Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden, og tilrådingar om omlegging av bussnettet i samband med ny E39 Svegatjørn-Rådal og ny bybanelinje til Fyllingsdalen.
2. Tiltak knytt til regionstamlinje for sørkorridoren frå 2022, og vidare oppfølging av Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden, vert finansiert med belønningsmidlar gjennom Byvekstavtalen og prioriteringar i årlege budsjettprosessar.
3. Fylkesutvalet merker seg at det har vore korte svarfristar og at innbyggjarane har hatt kort tid til å komme med innspel til omlegging. I framtidige trafikkomleggingar må Skyss i større grad involvere nærmiljøa, nærmiljøorganisasjonar og andre i arbeidet med trafikkplanen, og utvalet ber om eit notat om prinsipp for korleis involvering skjer ved større trafikkomleggingar.